



Gunvor Landa på Seimsfoss (ho er frå Uskedalen) og Kristian Bringedal med eit Stranda-måleri som ho eig. Ho har fem i alt, men det er kanskje nokon som har fleire? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det har vore svært god respons etter at kultursjef Kristian Bringedal gjekk ut og etterlyste oljemåleri av Stranda-målarane til utstillinga på Bygdetunet Rød i Uskedalen under museumsdagen 19. august.**

Bringedal opplyser til uskedalen.no at det så langt er meldt inn over 20 bilete. Men han ynskjer eit noko større utval i tilfelle det er mange dubletter og folk med bilete må berre halda fram med å melde dei inn.

Måleriproduksjonen var ei god attåtning frå 1940 til 1960 i bygda Stranda i Lindås og det heng mange slike måleri rundt om i heile landet. At det gjer det også i Kvinnherad er altså allereie bevist.

Dei fleste målarane budde på garden Hølleland, best kjent under det lokale namnet Hørland. Om lag 12 personar vart målarar og dei masseproduserte bileta vart selde land og strand rundt for 5-10 kroner. Dei mest oppfinnsomme laga ein karusell drive av ein elektrisk motor og den største karusellen hadde rom for åtte måleri på ein gong.

Målarane henta dei fem-seks motiva sine frå lokalmiljøet. Det kunne vera fossefall, fjell, fjord, holmar og skjær og ofte var båten med. Eit anslag går ut på at det kunne bli laga opptil 20.000 måleri i året!

Av Ola Matti Mathisen